

## Kommentarar til alternativ frå styringsgruppa

Ein viser til referat frå møtet i styringsgruppa 8.09.09, samt kommentarar frå tenesteleiar skule, Inger Randi Islandsmoen Kleven.

### Alternativ 1:

Elevtalet ved Bagn skule blir så høgt at alle klasser (kanskje med unntak av 5. klasse) må delast. I 1. klasse er det vanleg å ha ein pedagog ekstra frå 18 elevar, dessutan er klasseromma for små for dei største elevkulla. Ein må også pårekne krav om språkdeling (bokmål- og nynorskklasser), og dette kan kome på alle trinn, fordi skulen må gje opplæring på hovudmålet (som er nynorsk ved Bagn skule), endå om det er att færre enn 10 nynorskelevar når minst 10 på kullet har valt bokmål. Talet på elevgrupper ved Bagn skule vil truleg bli minst 13, og kan bli 14.

**Det er difor heilt naudsynt med fleire grupperom og meir klasseromsareal ved skulen.**

### Mellombelse løysingar:

Mellombels kan lokale på Fossvang og SAUS brukast. (SAUS brukte mellombelse lokale då skulen vart ombygd. Fordi skulen var organisert i lærarteam med ansvar for kvart sitt årstrinn, fungerte lærarteama svært sjølvstendig. Slik er vel ikkje Bagn skule organisert no. Det vil truleg gjere det vanskelegare å organisere undervisninga ved "satellittane" utanfor skulen. Truleg må ein krevje ei organisering som er tilpassa delt undervisningsstad.)

Utdanningsforbundet delar synspunktet frå tenesteleiar om i kva grad SAUS kan ta imot klassar frå Bagn skule. Musikkrom i kombinasjon med spesialrom kan gje plass til ei barneskuleklasse som ikkje er alt for stor (romma er tronge), og det bør vel helst vere 7. klasse, som ligg nær ungdomsskuleelevane i alder.

(SAUS kunne truleg lettare ta imot fleire elevar på *ungdomssteget*, utan nemneverdig større ressursbruk.)

### Permanente løysingar:

Utbygging er skissert anten som ny etasje på Bagn skule, eller som frittliggande bygg/tilbygg (ved SAUS). Eit etasjepåbygg må vel føre til at skulen må stengjast i alle fall i delar av byggjeperioden, både av omsyn til tryggleik for elevane, og støy, støv og trafikk ved bygginga.

På bakgrunn av tidlegare røynsle med undervisning i lokale under ombygging, vil

Utdanningsforbundet absolutt tilrå den siste løysinga, sjølv om kostnadene aukar med nokre få hundre tusen kroner.

### Tidsramme

Utbygging vil ta tid. Ferdige nye lokale til hausten 2011 verkar lite realistisk. Det inneber anten to år med mellombelse løysingar, eller to nye år med underbudsjettering av skulane. Ved å setje ut overføringa av begnadelselevane til 2011, gjer styringsgruppa det klart at vi nok vil få litt av båd delar.

Utdanningsforbundet vil derfor tilrå ei anna løysing i utbyggingsperioden; nemleg å dele elevane mellom eksisterande skular, og slik få gunstigare grupper, til dei nye skulebygga er ferdige.

---

#### Adresse

c/o Jan Henrik Bakke  
Rute 539  
2930 Bagn

#### E-post/Internett

jhbakke@n2u.no  
www.utdanningsforbundet.no

#### Telefon

61 34 64 31  
99 31 76 45

#### Bankkonto

6185 05 27562

### Økonomiske vurderingar

Det er ein viss fare for at innsparingane ikkje blir svært store **viss gruppetalet aukar**. Reinli skule er tredelt, Begnadalen firedelt. Dersom gruppetalet ved Bagn skule aukar med 5 –7 grupper, blir innsparinga nokså liten. Ved ”import” av bokmåselevar frå Begnadalen er slik gruppedeling **særs sannsynleg**. (Det trengst då færre bokmåselevar frå Bagn for å lage ein bokmålsklasse.)

I teorien kunne fleire av gruppene elles vore samla, om klasseromma hadde vore store nok.

På denne bakgrunnen trur vi at det trengst fleire lærarar enn det tenesteleiaren legg opp til, og at innsparinga vil bli tilsvarende mindre.

### Alternativ 2:

Alternativet er likt alternativ 1, bortsett frå at 1. – 4. klasse skal gå på Begnadalen skole.

Begnadalen skole vil då bli ein todelt skule med ca. 20 elevar og ca. 2,5 årsverk.

Utdanningsforbundet meiner at skulen då vil bli så liten at det grensar mot det uforsvarlege.

Lærarmiljøet ved skulen vil truleg også vere lite attraktivt, og sårbart ved fråvere. Denne løysinga er ikkje god, korkje for elevar eller lærarar. Det at Begnadalen får behalde skulen er truleg det einaste som talar for modellen.

### Konklusjon:

Utdanningsforbundet har i heile prosessen lagt vekt på at endringane i skulestrukturen er eit påtvunge val. Det er om å gjere at kvaliteten på undervisningstilbodet blir redusert så lite som råd.

Det inneber at **gruppstorleiken må vere gunstig**, slik at vi får færre, men fulldelte grupper, utan at dei blir så store at det går ut over undervisningskvaliteten. Framlegget inneber fortsatt små grupper i Hedalen, og mange relativt små grupper på Bagn skule. **Strukturendringa blir difor lite økonomisk effektiv**. Det vil truleg ikkje gjere det mogleg å få til forsvarlege driftsbudsjett for skulane, ettersom sektoren sparar forholdsvis lite, sjølv om strukturen blir lagt om.

Dermed er det stor fare for at dette framlegget ikkje vil vere ei varig løysing, men at strukturdebatten vil kome attende om få år. **Utdanningsforbundet saknar ei prinsipiell avklaring om framtidig, varig struktur**. (Det er ei fare for at kommunen ved denne modellen stengjer for t.d. ein framtidig sentralskule, eventuelt at den i realiteten vil bli lagt til Bagn.)

Utdanningsforbundet ønskjer:

- innsparing på struktur, ikkje på drift
- innsparinga må kome raskt, fordi skulane er i ein økonomisk unntakssituasjon som slit på lærarane
- at ungdomsskoleelevane skal samlast på ein skule
- at omsyn til robuste elevgrupper må vege tyngre enn grendepartikk
- ei løysing som er god på både kort og lang sikt.
- ei løysing som gir strukturell innsparing raskt, t.d. ved å flytte elevar mellom eksisterande bygg i staden for (eller mens ein ventar på) nybygg
- ei løysing der innsparinga er eit spleiselag for alle grender

Vi meiner at framlegget frå styringsgruppa vil gje mindre innsparing enn fleire av dei opphavlege framlegga frå oppvekstgruppa. Dermed er det stor fare for at skuleverket i Sør-Aurdal vil gå gjennom ein tøff omstillingsprosess, utan at innsparinga blir stor nok til å hindre fortsatt underbudsjettering av skuledrifta.

**Alternativa frå styringsgruppa får difor ikkje støtte frå Utdanningsforbundet.**

Jan Henrik Bakke